

## **Hordaland Nei til EU - framlegg til vedtak på årsmøte 15. mars 2024**

### **Noreg - ei viktig røyst i verdssamfunnet.**

Då EU vedtok Lisboatraktaten (artikkel 21-46) batt medlemslanda seg til å vera lojale mot unionen i utforminga av sin utanrikspolitikk. Difor talar EU med ei røyst i FN. EU-landa vert pressa til samordning av sine synspunkt. EU har ein eigen utanrikspolitiske sjef og ambassadar over heile verda. No er det snakk om å gå vidare på dette området. Brussel nyttar krigen i Ukraina og krav frå USA om at allierte betalar meir av forsvarsutgiftene i NATO som argument for å aktualisera utanriks- og forsvarspolitikken som byggekloss i unionsprosjektet.

Ved å stå utanfor EU har Noreg ei sjølvstendig røyst i det internasjonale samfunnet. Det er opp til oss å avgjera kor tydeleg den skal vera. Takka vera folkets nei til EU i 1972 og 1994 kan Noreg hevde sine meiningar friare enn t.d. våre nordiske EU-naboar. Me er godt synlege i FN. At det norske offisielle synet på tragedien i Palestina/Israel skil seg frå EU-landa, er døme på at me kan markere eigne standpunkt.

For EU er forsvars- og utanrikspolitikken eit verktøy for å gjera unionen til ei stormakt i verda. Ved å flytta meir merksemd over på dette feltet legg Brussel eit slør over stigande indre konflikter. Det vert tydelegare at mykje av den felles politikken innan landbruk, klima, energi, og også euroen som påfører fleire av landa store gjeldsbyrder, peikar mot fiasko. Heller enn å tilbakeføre suverenitet til medlemslanda, med god politikk for folk som siktemål, får utanrikspolitikken større tyngd. Det er ei uheldig utvikling som stadfester at Noreg må stå fast på si linje, ja til samarbeid, nei til union.